



Møteinnkalling

Utval:	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre
Møtestad:	Kandal
Dato:	08.06.2026
Tidspunkt:	11:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Styremøte og synfaring med tema skjøtselsplan i Kandal 8.juni.

Program for dagen:

Kl 11.00	Møte i verneområdestyret
Kl 12.00	Lunsj
Kl 13.00	Innlegg frå Tanaquil Enzensberger
Kl 14.00	Synfaring i Myklandsdalen
Ca kl 17.00	Middag - Sølvanegard
19.00	Møte med grunneigarane om skjøtselsplan

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 14/26	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 15/26	Val av styremedlem som skal signere protokoll		
RS 2/26	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker til styremøte 3/2026		2019/4183
RS 3/26	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - status på tiltak og tiltaksmidlar på styremøte 3/2026		2019/4173
RS 4/26	Referatsak - planlegging av felles studietur for Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen verneområdestyre		2026/7867
ST 16/26	Eventuelt		

ST 14/26 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 15/26 Val av styremedlem som skal signere protokoll



Arkivsaksnr: 2019/4183-30

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 03.06.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	2/26	08.06.2026

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - orienteringssaker til styremøte 3/2026

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringssakene til vitande.

Saksopplysningar

Delegerte vedtak

Det har ikkje vore handsama saker med delegert mynde sidan førre møte.

Forvaltningsplan

Det er no snart 1,5 år sidan vi sendte utkast til forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal til Miljødirektoratet for fagleg godkjenning. Vi har framleis ikkje fått skikkeleg tilbakemelding eller godkjenning på den.

Økonomi

Styret har eit driftsbudsjett på 90 000 i 2026. til no er det brukt nett under 10 000 av desse.

Organisering av verneområdeforvaltarane

Styret hadde felles møte med Ålfotbreen verneområdestyret og sende inn felles høyringsfråsegn frå begge styra. I tillegg har Statsforvaltaren i Vestland skrive ei meir fylldig fråsegn i samråd med oss forvaltarane, som vert sendt inn. Inntrykket er at modell nr 1 er den som får mest støtte rundt omkring.



Arkivsaksnr: 2019/4173-36

Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik

Dato: 03.06.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	3/26	08.06.2026

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - status på tiltak og tiltaksmidler på styremøte 3/2026

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringa til vitande.

Saksopplysningar

Høgsesongen for tiltak er rett rundt hjørnet, og vi ligg godt an når det gjeld planlegging og gjennomføring av tiltaka. Vi har tatt lærdom av fjoråret der vi hadde litt for dårleg økonomistyring undervegs og fleire tiltak hadde «budsjettsprekk». I år er vi vesentleg tydelegare på rammer og budsjett, både internt og overfor leverandørar.

Skjøtselsavtalar

Fem skjøtselsavtalar med grunneigarlag er signert. Grunneigarane i Myklandsdalen takka nei til avtale i år, dei vil vente til skjøtselsplanen er klar. So ventar vi på tilbakemelding frå grunneigarane på Ryggjastøylen. Der har det vore endringar i styret.

Dersom avtalen for Ryggjastøylen vert signert, vil 265 000 av tiltaksmidlane vere bunde opp i avtalane.

Fjerning av gran

Totalt 324 m³ med grantømmer er tatt ut ved Vonagarden i Naustdal. Det er sett av 100 000 til dette, men dei er ikkje betalt ut enno. Vi ventar på eit formelt målebrev som dokumentasjon for kvantumet i tillegg til faktura.



Stiar og driftevegar

Her har vi bestilt Bygdeservice til å gjere tiltak i Breidalen, og til å støtte forvaltar og SNO med tiltak i Traudalen og eventuelt Gjengedalen.

Vedlikehald av kloppar

Her har Bygdeservice produsert material og fått ei ramme å jobbe innanfor i Gjengedalen.

Informasjonsskilt i Angedalen

Nytt skilt er kome opp som erstatning for det gamle som var øydelagt. Jobben er utført av Gravdal Skog- og Hageservice AS som vi har rammeavtale med.

Bandtvangskilt

Fluorlux i Stryn har produsert 50 skilt til oss som informerer om bandtvang. Skilta ligg på lager hos Rune. Tanken er å dele dei ut til beitelag, sankelag og grunneigarlag som er interessert.

Bru ved Longevasshytta

Brua er bestilt, men vi har ikkje planlagt monteringa enno.

Forbruk av midlar

Tildeling (inkludert supplering)	800 000
Fordelt på tiltak	745 000
Bunde opp gjennom avtale, bestilling eller faktura	452 452
Betalt ut	68 052



Arkivsaksnr: 2026/7867-2
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 03.06.2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Naustdal-Gjengedal verneområdestyre	4/26	08.06.2026

Referatsak - planlegging av felles studietur for Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen verneområdestyre

Innstilling frå forvaltar

Styret tek orienteringa til vitande.

Styret kjem med eventuelle innspel direkte til forvaltar i møte.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen verneområdestyre har begge bestemt seg for å reise på felles studietur i 2026. Det var ønske om å besøke eit anna landskapsvernopråde.

Forvaltar har jobba ein del med reisemål, rute og innhald til turen. Nokre detaljar er meir eller mindre på plass, med det står framleis mykje planlegging og detaljar att. Forvaltar har snakka med sine kollegaer i Trollheimen som er på tilbodssida og gjerne tar i mot oss.

Detaljar og moment som er på plass:

- Turen gå til Trollheimen
- Turen vert i veke 39
- Det vert tur over tre dagar med to overnattingar



Relevante stader å besøke:

- Innerdalen (ved Sunndal)
- Helgetunmarka (ved Rindal)
- Gjevilvassdalen (ved Oppdal)
- Hjerkin

Dei tre første her ligg i eller ved Trollheimen, Hjerkin er forvaltningsknutepunkt og besøkssenter som ligg litt lenger sør (Dovrefjell). Vi kan rekke å besøke alle 4 stadane dersom vi er litt effektive, eller vi kan prioritere tre av dei og få litt betre tid. Styra/styreleiarane må då peike ut kva dei vil prioritere.

Detaljar som ikkje er planlagt enno:

- Kva dagar skal vi reise? (måndag til onsdag, tysdag til torsdag eller onsdag til fredag)
- Reiserute og reisemåte
- Kor skal vi overnatte?
- Skal vi prøve å få inn noko foredrag eller tema i tillegg til dei besøka som er nemnt?

Handsaming i møte

Styret må gjerne kome med innspel og forslag til både praktiske ting og innhald på studieturen.

ST 16/26 Eventuelt